

Lars Rønnevik Wisnes  
Helledalsstølen 66 A  
5225 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4906 - 21/51690

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
29.07.2021

## Ber om tilbakemelding på mogleg ulovleg tilfelle på eigedomen din - gbnr 428/26

**Tiltak:** Mogleg ulovleg tilfelle  
**Byggjestad:** Gbnr 428/26 Kvalheim nedre  
**Tiltakshavar:** Lars Rønnevik Wisnes

### Saka gjeld

Kommunen har fått melding om påstått ulovleg byggearbeid på eigedommen din med gbnr 428/26. Vi legg til grunn at du er kjent med meldinga ettersom du sjølv har tatt kontakt med kommunen og sendt inn informasjon om di side av saka.

Vi forstår at du har vore i kontakt med byggesaksavdelinga på telefon i forbindelse med pågåande arbeid og fått tilbakemelding frå dei om kva type arbeid som er søknadspliktig og ikkje.

Når det gjeld annekset som vi har fått melding om, er dette ikkje ei problemstilling for kommunen. Hytta går fram av gamle flyfoto og vi legg til grunn det som er sagt om vedlikehold av denne.

Når det gjeld sikring/innstøping av kai vil vi gjerne få litt meir informasjon frå deg før vi kan vurdere saka vidare. Etter kva vi forstår har det vore ein muntleg dialog med byggesak om dette, der det vart sagt at noko type arbeid er søknadspliktig og noko ikkje.

På bilde vi har motteke frå meldar ser det ut til at det er eit visst omfang på forskalingsarbeidet, men det treng jo ikkje bety at resultatet er så omfattande at det utløyser søknadsplikt. Sidan vi ikkje får eit klart inntrykk av saka basert på det vi har av bilder, ber vi deg om å sende inn fotodokumentasjon av arbeidet før og etter utførelse.

**Arbeidet kan vere søknadspiktig**

Vi gjer merksam på at arbeidet kan vere søknadspiktige etter plan- og bygningslova. Du må derfor sende oss ei utgreiing om kva arbeid som er utført, slik at vi kan få klarlagt dei faktiske forholda.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber i fyste omgang om utgreiing av tilfella.

**Kva må utgreiinga innehalde?**

Du må greia ut om dei arbeid som er utført. Vi ber også om at du legg ved bilete som støttar utgreiinga.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller per post:

Alver Kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

**Frist for utgreiing er 01.09.21.**

**Anvendt regelverk**

Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4906

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lars Rønnevik Wisnes

Helldalsstølen 66 A

5225

NESTTUN